

# Er bibliotekdebatten reell?

*Anders Ericson anmelderen bok om folkbildning og bibliotek*

► Den svenske bibliotekentralen Bibliotekstjänst (BTJ), har gitt ut ei artikkelsamling med tittelen ”Där människor och tankar möts - bibliotek som folkbildning”. Merkeleg nok kan tittelen minne om dei eufemismane om folkebiblioteket som fleire av artikkelforfattarane uttrykkeleg vil til livs.

For eg oppfattar denne boka som eit forsøk på å skjerpe det bibliotekpolitiske språket og å starte ein debatt om dei overordna måla for folkebiblioteket, i staden for debatt om kva som er taktisk lurt for å tekjkast måteleg interesserte politikarar.

Ingrid Atlestam, som både er redaktør og forfattar av ein av artiklane i boka, kritiserer den rådande folkebibliotekstrategien for å vere ”amöbaartat och opportunistisk”: ”Just nu är det biblioteket som mötesplats, lärscentrum, informationscentral, företagsservice, upplevelsesrum samt läs- och integrationsbefrämjande arbete som tros vara mest gångbart.” Ho konstaterer at dei feite åra var over på slutten av 1970-talet, men nettopp derfor, meiner ho, er det viktig å ha ei målsetting og hovudprioritering. Og denne er ganske enkel, nemleg å overbygge informasjons- og kunnskapssløftene. Så leverer ho eit av dei best underbygde forsvara for folkebibliotek eg har sett på lenge, med glasklar prioritering av ”minoriteter, underprivilegierade og grupper som av någon anledning ses som svaga og utanför i majoritetssamhället, för deras möjlighet til kunnskapsinnhämtning och förmåga att klara seg i samhället.”


Biblioteket må prioritere den grunnleggjande kunnskapen framfor det meir avanserte. Mange tenester for minoritatar og ”svake grupper” er kostbare, men det er jobben vår å forklare politikarane dette. I staden kjøper mange bibliotek endå fleire eksemplar av Läckberg, Larsson og Nesser; bøker som finst i alle varehus og som dei fleste har råd til. For igjen er det utlånsstatistikken som regjerer.

Atlestam siterer blant anna Thomas Hylland Eriksen, der han skriv at smeltdigelen er den einaste vegen til det velfungerande fleirkulturelle samfunnet. Og ho meiner biblioteket er ein heilt sentral del av det felles kulturelle og sosiale ”grensesnittet” som trengst for å unngå verkeleg store sosiale konfliktar i framtida. Noko liknande var historieprofessor Knut Kjeldstadli inne på i boka ”Sammensatte samfunn” frå 2008.

Biblioteket i Fisksätra utanfor Stockholm; der ein kan seie at tankegodset til Atlestam er prøvd ut i praksis. Dette biblioteket har fått ein eigen artikkel i boka, skriven av Lena Lundgren.

Og i reportasjen frå Fisksätra har eg sitert ein tredje artikkelforfattar, bibliotekforsken Joacim Hansson frå universitetet i Växjö. Han skriv om det svenska folkebiblioteket sine historiske band til ”folkbildningen”, men då den friviljuge folkerørla, ikkje offentleg utdanning. Mange svenske bibliotek er tufta på organisasjonsboksamlinger, men i dag er desse banda brotne, og biblioteket står igjen med eit ”passivt serviceoppdrag”. Det ligg nok status og faglege utfordringar i å tilby tenester til studentar og ”formelt lärande”, men Eva Maria Flöög ved Høgskolan i Borås argumenterer godt for at folkebiblioteket må prioritere ”det fria lärandet, bildningen och folkbildningen”. Idéhistorikar David Karlsson stiller spørsmål ved heile den statlege kulturpolitikken ved å vise til kampen mot å innføre ein slik etter krigen, der faktisk ”landsfader” Tage Erlander var sentral. Han ville ikkje sentraldirigere tanke- og sjælelivet til folk, med kulturpolitikkane til Hitler og Stalin fristikt i minnet. I India, viser Karlsson, fungerer det uhyre multikulturelle samfunnet imponerande godt, ikkje takk vere statleg kulturpolitikk, men ein lang tradisjon for meiningsbryting og å halde fast ved mangfaldet.

Desse og fleire artiklar, av blant anna ein poet og ein EU-parlamentarikar som også er prest og forfattar, gjer dette til ei viktig bok.



**Där människor och tankar möts. Redaktörar: Ingrid Atlestam, Ulla Forsén. BTJ Förlag, Lund 2010. ISBN: 9789170186776.**

Recensionen har tidigare varit publicerad i norska Bibliotekforum